

Vossa Klima 2030



U

ndervisningsmateriale

*Bakgrunnsinformasjon
til lærarar*

Undervisningspakka gjev informasjon og inspirasjon slik at du kan planleggja timar eller diskusjonar med klassar eller grupper, uavhengig om det er i barnehagen, på barne- og ungdomsskulen, i vidaregåande eller i vaksenopplæringa.

Her finn du informasjon om kva ein klimaplan er og kva tema som er viktige for Voss herad sin nye klimaplan, Vossaklima 2030. Til slutt finn du nokre spørsmål som kan skapa engasjement hjå elevane dine slik at dei kan vera med å forma den nye klimaplanen vår.

Støtta av:



Statsforvalteren
i Vestland



Vestland
fylkeskommune

Til deg som lærar i Voss Herad

Me håpar du vil bidra i arbeidet med å få lyfta fram røysta til born og unge i Voss herad sin nye klimaplan, Vossaklima 2030.

Undervisningsmaterialet vil gje deg som lærar bakgrunnsinformasjon om relevante tema i Vossaklima 2030 slik at du kan leia elevane dine gjennom aktuelle diskusjonar. Slik håper me at elevane får lyst til å gje innspel til Vossaklima 2030.

Undervisningsmaterialet kan relaterast til tematikk kring *medborgarskap* i den nye læreplanen. Det er også mogeleg å knyta prosessen opp mot *berekraft* (då dette handlar om klima, natur og nærmiljø) og *tverrfagleg arbeid* (då dette handlar om både naturfag og samfunnsfag).

Undervisningsmaterialet forklarar kva planar er, særskilt kva ein klimaplan er, og korleis ein kan definera tema som er viktige for klimaplanen Vossaklima 2030.

Etter at du har gått gjennom informasjonen (som du tykkjer er relevant) og diskutert det med klassen din, kan du invitera elevane til å svara på spørsmåla slik at dei også kan påverka klimaplanen til Voss herad.

Det me legg vekt på...

Både arbeidsgruppa og den interne referansegruppa i Vossaklima 2030 er tverrfagleg samansett. Ungdom er også representert. I løpet av 2021 har me jobba med å inkludera så mange som mogeleg i utforminga av undervisningsmaterialet. Dette for å leggja til rette for ein best mogeleg medverknadsprosess for born og unge i Voss herad.


Me byrja heile prosessen med ein verkstad der me definerte kva verdiar undervisningsmaterialet skulle baserast på. Desse verdiane har styrt heile det vidare arbeidet:

Lyttande
Kunnskapsbasert
Engasjert
Tydeleg
Ærleg

Me har utvikla undervisningsopplegget med tanke på at born og ungdom skal kunna gje innspel på det dei er ekspertar på, nemleg det å vera born og ungdom i Voss herad. Mange av erfaringane born og ungdom har kan koplast til arbeidet med klima, miljø og berekraft.

Proessen Steg for Steg

1. Gå gjennom materiala sjølv. Bestem kva som passar best for din klasse/ gruppe i barnehagen eller skulen.
2. Planlegg ein dag til å gå gjennom tema med klassen din. Om du vil, kan du ta kontakt med prosjektleiar for Vossaklima 2030, Gunnhild Utkvitne på e-post: gunnhild.utkvitne@voss.herad.no for å høyra om nokon frå Tinghuset (tilsett eller polititar) kan besøka dykk den dagen.
3. Gå gjennom tema med klassen din. Sjå gjerne videoen frå ordføraren der han forklarar kva ein klimaplan er - og diskuter.
4. Legg vekt på at elevane dine er ekspertar i det å vera barn eller ung på Voss. Dei er ekspertar på sine egne opplevingar i barnehagen og skulen. Difor har dei viktig kunnskap som kan påverka ein klimaplan (og andre planar som den som heiter «tidleg innsats og livsmestring»).
5. Elevane skal så oppmuntrast til å svara på spørsmåla (sjå egne ark). Dei skal tenkja tilbake i tid på korleis det var på tidlegare skuletrinn eller i barnehagen. Lag gjerne oppgåvene som heimelekse. Dei kan jobba åleine, med læringspartnarar eller saman med foreldre/føresette. **Svara må vera anonyme.** Hugs å minne elevane på at dei ikkje kan skriva noko namn på arket. I barnehagen skal borna snakka om opplevingar frå barnehagen. Der kan kanskje du som pedagog skriva ned innspela frå diskusjonane sjølv.
6. Saml inn svara og send til oss. Send berre inn innspela frå dei som vil vera med. Dette **må** vera frivillig (akkurat som ein ordentleg demokratisk prosess som å stemma i eit val).
7. Send innspela innan **1. mars** til:



8. Då er det over til oss. Me skal gå gjennom absolutt alt og bruka innspela til å forma Vossaklima 2030.
9. Me vil også laga ein ny video som me sender ut til alle for å forklara korleis innspela har påverka utforminga av Vossaklima 2030.